



DEN NORSKE KYRKJA

Ålhus sokneråd

Møtebok

| | | |
|----------------------------------------------|----------------------------------|-------------------------------|
| Styre, råd og utval Ålhus sokneråd | Møtestad Misjonshuset på Skei | Møtedato 09.10.2025 |
| Arkiv nr. | Møtestart 19.00 | Møteslutt 19.30 |

Til stades på møtet:

Magne Kristian Kvinge,(1. vara) Bernt Kjøsnes, Solveig Steenslid Lesto, Inger Johanne Klakegg, Eva Sunde, Børge Gjesdal, Alice Nesje

Meldt forfall:

Ingvill Marie Støfringstøl, , Ingeborg Bråttvik Slåtten,(Annette Svidal Slåtten, leiar permisjon)

Saker 18-21

Utskrifter:

Faste- og vara medlemmar (jf lister).

Sak 18/25 Innkalling

Vedtak: Sak 18/25 Innkalling

Vedtak: Innkalling ikkje sendt. Det var ikkje meldt inn saker før møtet.

Sak 19/25 Godkjenning av referat 03.06.25

Framlegg til vedtak: Referatet kjem til godkjenning neste soknerådsmøte. (vedlagt)

Sak 20/25 Julefest

Det var ikkje sendt ut innkalling til soknerådsmøte for Ålhus sokn, men etter fellesmøtet hadde vi eit lite planleggingsmøte/idemyldring med tanke på julefesten.

Kva må gjerast?

Kven har ansvar for juletre i Ålhus kyrkje ?

Kven leier festen ? **Bernt Kjøsnes blei utfordra og han sa ja.**

Kven spelar til sangane ? Vi spør Birk Sørebo

Program:

Solveig spør Gerd Sunde om Barnegospel kan synge

Som bestemt etter førre fest skal vi oppfordre folk om å ta med pålegg til kveldsmaten, dette må stå i Hyrdingrøysta slik at folk veit om det. Solveig S Lesto snakkar med Ingrid Søyland om dette, slik at vi får det inn innan fristen.

Kven har malen til lista over arbeidsfordelinga på festen ?

Sponsing av brød etc ?

Solveig skal ha eit møte med Målfrid Kjøsnes og får kanskje nokre svar då.

Alle må prøve å komme med forslag, legg det gjerne i Messenger for Ålhus sokneråd.
På møtet i november må alt på plass

Sak 21/25 Orientering

Soknerådet kan ikkje bruke kyrkjesenteret sine frysarar, dei treng plassen sjølve. Dersom det blir suppe til overs på medarbeidarfesten må vi dele den mellom oss. Ta difor med boksar til å ha suppe i om nødvendig.

Det ligg lasagne og brød igjen etter konfirmantfesten og dette må vi fjerne. Solveig spør Silje om ho kan servere dette på ei konfirmantsamling

Inger Johanne Klakegg
referent